

Risnes Krins Grunneigarlag
Rossnesvegen 129
5937 Bøvågen

27.januar 2018

Radøy kommune
5936 Manger

Rullering av kommuneplan - Oppfølging av innspel fra 2015 og 2017.

Radøy kommune inviterte til rullering av delar av kommuneplanen i 2014. Risnes krins grunneigarlag starta som følge av dette eit omfattande arbeid med kartlegging, bygdemøter og utarbeiding av eit dokument som skulle vera vårt innspel til kommunen. Dette vart avslutta og innsendt i mai 2015.

Vi har etterlyst det vidare arbeidet med rullering av planen ved fleire høve, og 4.mai 2017 kom formannskapet på møte i Rikstad bedehus. Der fekk vi saman med Risnes krins grendalag høve til å presentere planen og bygda for politikarar og admistrasjon. Vi sette stor pris på at ein fann tid til dette møtet, men det skapar også forventningar om vidare arbeid.

I ettertid har spørsmål om auka busetjing vore tema på fleire styremøter i Grunneigarlaget og slik vi ser det må dette vera første prioritet for krinsen.

- ☐ Tilgang til bustadtomter.
- ☐ Kommunen går inn og overtar og utarbeider reguleringsplan for større tomteprosjekt.
- ☐ Kommunen fråfell krav om reguleringsplan for mindre bustadfelt og spredt bustadbygging.
- ☐ Det vert lagt til rette for tilgang til båt plassar og båthavner for å tiltrekke seg ungdom som ønsker å etablere seg i området.

Vi har nok i vårt innspel gått vesentleg lenger enn det som var føresetnaden når ein inviterte til rullering av kommuneplanen. Når vi i 2014 inviterte bygda til å koma med sine tankar var det ikkje mogeleg å få folk kun til å tenke innanfor den førehandsdefinerte «boksen». Innspelet vart omfattande, og vi må ha forståing for at Radøy kommune ikkje kan ta opp alt som vi har omtalt.

Vi hadde likevel von om at ein kunne ta opp dei delar av planen som Radøy kommune inviterte til revisjon av i 2014 :

- Føresegner om plankrav, eksisterande bygde bustadeigedomar i LNF.....
- Strandsona, byggegrense mot sjø og i havområda
- Heilårsbustader i LNF, frådelte eigedomar.....

Kommunen kan som kjent ikkje gjera vedtak om kvar folk skal busetje seg, men vi er trygg på at krinsen har gode kvalitetar som gjer at det er attraktivt å etablere seg her.

Vi ber derfor om at innspelet vert tatt omsyn til, og at forholda vert lagt til rette gjennom kommunens arealplan slik at det vert enklare for folk å busetje seg i denne delen av Radøy kommune.

Elles set vi stor pris på kommunen sin gode vilje til god dialog med krinsen og vonar at vi også får glede av det i Alver kommune.

Med venleg helsing
Risnes Krins Grunneigarlag

Jonny Søgner (s)
sekretær

Audun Sylta (s)
leiar